



2022-2025

# STRATEGISK PLAN

SAMARBEIDSRÅDET FOR  
SUNNHORDLAND



Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

# Visjon

**”Saman for Sunnhordland – ei kraft for vekst og utvikling”**

## Verdiar

Raus  
Open  
Modig

## Ambisjon

Me set dagsorden!

### Føremålet med Samarbeidsrådet for Sunnhordland

- § 1 Samarbeidsrådet for Sunnhordland er eit interkommunalt selskap, eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Selskapet har forretningsadresse i Stord kommune.
- § 2 Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing.

### Føremålet vert konkretisert m.a. gjennom desse oppgåvene:

1. Fremja Sunnhordland sine interesser
2. Fremja og samordna tiltaksarbeid i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og infrastruktur
3. Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland
4. Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland
5. Vera pådrivar for kultur – og identitetsskapande tiltaksarbeid
6. Arbeida for kommunane sine rammevilkår

## **Samarbeidsrådet – regional utviklingsaktør**

Samarbeidsrådet er ein sentral regional utviklingsaktør og politisk samarbeidsorgan som skal driva aktiv påverknad for å sikra regionen og den einskilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er eit samarbeidsorgan som skal jobba for innbyggjarane i heile regionen.

Vår visjon *”Saman for Sunnhordland – ei kraft for vekst og utvikling”* skal synleggjera at kommunane står saman for at Sunnhordland skal vera ein sterk og framtidsretta region, som det skal vera interessant å arbeida, ta utdanning og busetja seg i.

Verdiane våre skal vera ei rettesnor for korleis Samarbeidsrådet skal arbeida, og korleis me skal jobba for å fremma interessene til regionen.

- Me skal vere raus.  
Det vil sei at me som region skal unna kvarandre godt, heie på og jobbe fram prosjekt og aktivitet som skjer i dei ulike kommunane, sjølv om det ikkje nødvendigvis skjer i din eigen kommune. Ein skal også som region vera flink til å framsnakka og heie på regionane rundt oss. Sunnhordland tener på at Vestlandet styrkar seg, og det er difor viktig å vera ein bidragsytar til at også andre deler av landsdelen gjer det bra.
- Me skal vera open.  
Me skal vere ein region som er lett å samarbeida med, som vågar å sei kva me meiner. Me skal vere opne med kvarandre, for å ta dei nødvendige diskusjonane i rådet.
- Me skal vere modig.  
I Samarbeidsrådet skal me ha høge ambisjonar for arbeidet vårt, og for regionen vår. Me skal våga å utfordra både kvarandre, andre regionråd, samt fylkeskommunen og stat.

Ambisjonen i Samarbeidsrådet er at det er me som set dagsorden. Framfor at utviklingsvyer og tankar om omstrukturering og utvikling av regionen skjer etter initiativ i frå stat eller fylkeskommune, skal dette komma frå regionen sjølv.

For at Samarbeidsrådet skal nå sine mål – er det viktig å danna strategiske alliansar med naboregionane, Bergens-regionen, Hardanger-regionen og Haugalands-regionen, samt styrka samarbeidet med liknande regionråd i fylket med samanfallande mål og som jobbar med liknande prosjekt.

Ei stor utfordring ligg i å utvikla ein region som ikkje er sårbar i høve til svingingar i næringsaktivitet og sysselsetjing. Ei anna utfordring er å sørgja for at behovet for ulik kompetanseheving og fornying av kompetanse innanfor den varierte næringsaktiviteten me har i Sunnhordland vert dekkja. Analyser viser at regionen vår har nok arbeidsplassar, men ikkje nok folk både på kort og lang sikt. Dette er eit av dei viktigaste utfordringane regionen må løyse saman – nok folk med rett kompetanse!

Samarbeidsrådet vil også vera aktive for å ta del i det grønne skiftet og nytta dette som eit føremon for utvikling av regionen.

Det vil kontinuerleg dukka opp saker som krev felles drøfting og uttale eller handling frå regionrådet. Det kan vera spørsmål av felles interesse for heile regionen eller spørsmål som er viktig for den einskilde kommune, der ein kan ha nytte av å få regionen med seg.

## Overordna mål for perioden 2022 – 2025

”Samarbeidsrådet skal vera den fremste aktøren og ein naturleg partner for å skapa eit nytt kraftsenter på Vestlandet”

### Korleis planen er bygd opp

Planen inneheld mål og strategiar innafor fleire ulike kategoriar. Infrastruktur, regionalt samarbeid, næringsutvikling, kompetanse, helse og bulyst.

Innafor kvar kategori har ein definert fleire innsatsområder. Til dei har ein definert kva som er målet vårt innafor innsatsområdet. Det er også definert kva som blir strategien vår for å komme fram til målet. Det vert utarbeidd årlege handlingsplanar ut frå Strategisk plan, som i meir detalj viser korleis ein skal jobbe med innsatsområdet frå år til år.

### FN sine berekraftsmål

Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal jobbe i tråd med FN sine berekraftsmål, då med eit særskilt fokus på berekraftsmål nummer 4, 7, 8, 9, 11, 12, 13 og 17.



	INNSATSOMRÅDER	Mål	STRATEGIAR
INFRASTRUKTUR	E39 Hordfast	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Få realisert E39 Hordfast som ein del av ferjefri E39.</li> <li>- Sikre oppstart av anleggsarbeidet i prosjektet i 2024.</li> <li>- Sørgje for at E39 mellom Hordfast og Rogfast kjem med i neste NTP.</li> <li>- Sikre E39 Heiane – Ådland inn i NTP.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stå samla i saka i neste behandling av NTP.</li> <li>- Jobbe for at staten skal prioritere prosjekta i statsbudsjettet.</li> <li>- Jobbe politisk for at prosjekta framleis blir prioritert av fylkeskommunen.</li> </ul>
	E134 aust-vest	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra prioritering av planmidlar og auka prioritering Bakka-Solheim.</li> <li>- Byggjstart Seljestad-Røldal i første periode i NTP.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stå samla i saka i neste behandling av NTP.</li> <li>- Jobbe for at staten skal prioritere prosjektet i statsbudsjettet.</li> <li>- Jobbe politisk for at prosjektet blir prioritert av fylkeskommunen.</li> </ul>
	Arm til Bergen	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra at trase som blir valt for arm til Bergen frå E134 er den best tenlege løysinga for Sunnhordland.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Jobbe for å gje samla innspel til arbeid med KVU frå Samarbeidsrådet.</li> </ul>
	Fylkesvegar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra at funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet vert revidert.</li> <li>- Funksjonsklasse B er lågaste funksjonsklasse som skal nyttast på vegstrekk som bind saman kommunesenter og regionsenter, samt for viktige næringsvegar i regionen.</li> <li>- Sikre standardheving på lokale hovudvegar.</li> <li>- Sikra vegvedlikehaldsmidlar for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane i regionen.</li> <li>- Sikra tilstrekkelig standard og vedlikehald på fylkesvegar som tidvis blir nytta som omkjøringsveg for europavegar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stå samla i innspel til fylkeskommunen sin RTP.</li> <li>- Følgje fylkeskommunen sitt årlige budsjettarbeid for å sørgje for at punkta blir følt opp i budsjettet.</li> <li>- Sende inn årlege innspel frå Samarbeidsrådet til fylkeskommunen sin budsjettbehandling.</li> </ul>

	<p>Ferjesamband</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Få sikra at kommunar som ikkje har omkøyringsmoglegheit skal ha minst ein nattavgang på dei største sambanda.</li> <li>- Sikra at frekvens på ferjesambanda til ei kvar tid er tilpassa behovet til innbyggjarar og næringsliv.</li> <li>- Sikre tilfredstillande tilgang på reserveferjer, for å sikre stabilitet på dei ulike ferjesambanda.</li> <li>- Jobbe for at billettkostnaden blir så låg og rettferdig som mogeleg.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stå samla i innspel til fylkeskommunen sin RTP.</li> <li>- Følgje fylkeskommunen sitt årlige budsjettarbeid for å sørge for at punkta blir følgt opp i budsjettet.</li> <li>- Sende inn årlige innspel frå Samarbeidsrådet til fylkeskommunen sin budsjettbehandling.</li> </ul>
	<p>Ferjeavløysing</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra realisering av alle potensielle ferjeavløysings- eller ferjeinnkortingsprosjekt.</li> <li>- Fjellbergsambandet.</li> <li>- Bru til Huglo.</li> <li>- Samband frå Kvinnherad inn mot E39 Hordfast på Tysnes (Sunnfast)</li> <li>- Samband frå Austevoll og inn på E39 Hordfast på Reksteren.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sende høyringsuttaelsar til RTP for at fylkeskommunen skal ha prosjekta med i sine plandokument.</li> <li>- Jobbe for endringar som styrker ordninga i kommuneproposisjonen.</li> <li>- Sende inn årlege innspel frå Samarbeidsrådet til fylkeskommunen sin budsjettbehandling</li> </ul>
	<p>Hurtigbåt</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra gode rutetilbod på hurtigbåt i/til/frå Sunnhordland.</li> <li>- Få etablert fleire hurtigbåtanløp.</li> <li>- Legge til rette for at hurtigbåtar i regionen nyttar låg- og nullutsleppsteknologi.</li> <li>- Sikre at pris for reisande på hurtigbåt til og frå Sunnhordland harmoniserer med pris på andre tilsvarande hurtigbåtsamband i fylket.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Initiere eigne trafikkanalysar for å ha god informasjon i innspelsrundane til nye anbod for hurtigbåtane.</li> <li>- Sende inn årlige innspel frå Samarbeidsrådet til fylkeskommunen sin budsjettbehandling.</li> </ul>
	<p>Kollektivtransport</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra korrespondanse mellom reisande mellom buss, båt og ferje, for at det skal vere enklare å velje klima- og miljøvenleg alternativ.</li> <li>- Sikra fleire bussavgangar i regionen.</li> <li>- Sikra like takstsonar mellom fylka.</li> <li>- Grøn distriktsmobilitet.</li> <li>- Arbeida med å få etablert ein ny kollektivterminal på Leirvik.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samordne oss i forkant av regionale rutemøter med Skyss.</li> <li>- Sende inn årlege innspel frå Samarbeidsrådet til fylkeskommunen sin budsjettbehandling.</li> </ul>

	Straumnett og andre energikjelder	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Auka kapasiteten på strumnettet inn til regionen, og ut i regionen, for å sikra moglegheit til å vidare elektrifisere samfunnet, og til vekst i næringslivet.</li> <li>- Arbeida fram rammevilkår og offentlege tilbod som tek høgde for bruk av m.a. biogass som energikjelde.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stå saman om felles innspel til rette instansar for å sikra kontinuerleg fokus på tematikken.</li> </ul>
	Breiband/ mobildekning	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra at kapasitet på breibandet til regionen er stor nok.</li> <li>- Sikra at heile regionen har ferdig utbygd breiband og mobildekning.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stå saman om felles innspel til rette instansar for å sikra kontinuerleg fokus på tematikken.</li> </ul>

	INNSATSOMRÅDER	Mål	STRATEGIAR
<b>REGIONALT SAMARBEID</b>	Vestlandsregion	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Me skal jobba for at Rogaland blir ein del av Vestland Fylke.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Saman med Haugaland Vekst skal me fremma dette ynskje til fylkeskommunane når det er naturleg.</li> </ul>
	Samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra oss støtte frå andre regionar om saker som er viktige for oss.</li> <li>- Samarbeide med regionar som har fellesinteresser med oss.</li> <li>- Me skal vere kjent som ein region som er nyttig og konstruktivt å samarbeide med.</li> <li>- Samarbeida med andre regionale partnarar som deler felles mål og ambisjonar for regionen.</li> <li>- Jobbe for å betre samarbeid internt i regionen. Rapporten Grøn region Sunnhordland peikar nettopp på «manglende samarbeid og opplevelsen av å være en region».</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ha årlege møteplassar med dei andre regionråda i Vlfk for å drøfte sakene som er aktuelle for oss.</li> <li>- Jobbe for å på sikt samlokalisereast med Atheno.</li> <li>- Samarbeida med Bjørnafjorden og Bergen kommunar i saker som er naturlege å samarbeida om.</li> <li>- Tett samarbeid med Haugaland Vekst. Haugaland Vekst har i lang tid vore den næraste og mest naturlege samarbeidspartnaren for Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Det har lenge vore eit tydeleg mål at storregionen mellom Boknafjorden og</li> </ul>

			Bjørnafjorden skal utvikla seg som ein sterk og saumlaus region, trass i at regionen er delt av ei fylkesgrense. Sveio og Etne kommune er fullverdige medlemar i både råda, og Haugesund og Vindafjord har observatørstatus i Samarbeidsrådet. Dette strekar tydeleg under det sams ønsket om å utvikla storregionen som finst på både sider av fylkesgrensa.
	Lokal forankring	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikre at regionsamarbeidet er godt forankra i medlemskommunane og arbeide for stadleg representasjon i alle medlemskommunar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tett fagleg samarbeid med kommune-administrasjonar og lokale næringsorganisasjonar.</li> <li>- Ein sterk rådsadministrasjon i regionsenteret.</li> <li>- Prosjektmedarbeidarar, fagarbeidarar o.l. i kvar medlemskommune.</li> </ul>

	INNSATSOMRÅDER	Mål	STRATEGIAR
<b>Næringsutvikling</b>	Hav, fiske og marinteknologi	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vekst i tal på fiskebåtar som har heimehamn i regionen.</li> <li>- Jobbe for berekraftig vekst i oppdrettsnæringa i regionen.</li> <li>- Sikra fornuftige rammer for havrelaterte næringar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Støtte opp om regionale fiskerihamner.</li> <li>- Samarbeide om innspel til fylkeskommune og stat om forvaltningsmessige saker som treff næringane.</li> </ul>
	Energi og Miljøteknologi	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sunnhordland skal vere kjent som eit lokomotiv i den grønne omstillinga i Norge.</li> <li>- Vidare utvikling av olje og gass næringa. Viktig kompetanseoverføring til grøn omstilling.</li> <li>- Ta posisjon som Havvindregion nr 1.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Marknadsføra og framsnakka næringslivet i regionen, i samarbeid med Hauglandet.</li> </ul>



	Samarbeid med næringslivet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Me skal vere ein relevant og viktig samarbeidsaktør for næringslivet i regionen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Alltid møte næringslivet når Samarbeidsrådet har møter.</li> <li>- Utvikla fleire møteplassar mellom kommunane og næringslivet.</li> <li>- Stadig etterspørja næringslivet kva rådet kan gjere for dei.</li> </ul>
	Landbruk	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra at landbruk framleis er ei viktig næring for regionen.</li> <li>- Jobba for å kopla landbruket i regionen tettare saman med restaurant/reiselivsnæringa og energinæringa i regionen.</li> <li>- Bidra til at lokale matprodusentar får ein større heimemarknad.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Jobba for å kopla landbruket i regionen tettare saman med restaurant/reiselivsnæring og energinæringa i regionen.</li> </ul>
	Reiseliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bli omtalt som ein reiselivsdestinasjon.</li> <li>- Vidareutvikla Sunnhordland som ein berekraftig reiselivsdestinasjon.</li> <li>- Sikra at dagens kollektivtilbod kan nyttast i reiselivssamanheng.</li> <li>- Bli Norges mest kjente Geopark.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Styrka samarbeidet mellom reiselivsaktørane i regionen gjennom Visit Sunnhordland.</li> <li>- Jobba for at destinasjonsselskapa kan selje billetter på vegner av Skyss.</li> <li>- Vidare satsing på Geopark Sunnhordland, og sørgje for at den på sikt famnar om heile Sunnhordland.</li> </ul>
	Statlige arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra fleire statlege arbeidsplassar i Sunnhordland.</li> <li>- Sikre vidare utvikling av eksisterande statlege arbeidsplassar.</li> <li>- Få etablert eit «Statens hus» og i Sunnhordland.</li> <li>- Arbeide for å få samlokalisert tingretten og jordskifteretten på Stord.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stå saman om felles innspel til staten for å sikra utflytting av arbeidsplassar til regionen.</li> <li>- Støtte etablering av høgrisiko fengsel i Sveio.</li> <li>- Jobba for etablering av distriktshubar.</li> </ul>

	INNSATSOMRÅDER	Mål	STRATEGIAR
<b>KOMPETANSE</b>	Teknisk og maritim fagskule/ingeniør utdanning	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidareutvikla tilbodet saman med fylkeskommunen og næringslivet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Regionalt kompetanseforum vil jobbe strategisk med årleg å kartlegge behovet innan dette innsatsområdet, og synleggjere for Vlfk behovet.</li> <li>- Marknadsføring</li> </ul>
	Høgskulen på Vestlandet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Forsking.</li> <li>- Nye utdanningar.</li> <li>- Breidde i val av utdanningar.</li> <li>- Sikre og styrka eksisterande studietilbod.</li> <li>- Sikre tilgang og utvikling på kompetanse i regionen, då med særskilt fokus på vidare- og etterutdanning tilrettelagt for dei som bur i distrikta.</li> <li>- Desentraliserte utdanningstilbod i alle medlemskommunane.</li> <li>- Arbeida for at lærarutdanninga ved HVL på Rommetveit får ekstra merksemd for å auka rekruttering av studentar, slik at ikkje denne viktige utdanninga for heile storregionen kan bli truga av nedlegging. For kommunane både på Haugalandet og i Sunnhordland kan det føra til store utfordringar med rekruttering av lærarar i framtida om det lokale lærarutdanningstilbodet vert lagt ned.</li> <li>- Vidareutvikling og styrking av HVL sin avdeling på Stord.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Marknadsføring</li> <li>- I tett dialog med næringslivet, så vil det Regionale kompetanseforumet vera med å påverke utviklinga kompetanse som regionen treng på kort og lang sikt.</li> <li>- Samarbeide med næringslivet om å få fram kompetansebehova i dei ulike delane av regionen.</li> <li>- Skape og/eller samarbeide om fysiske og digitale arenaer for fag- og høgare utdanning i kvar kommune.</li> </ul>
	FoU	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra fleire FoU prosjekt i regionen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Jobbe tett ilag med næringslivet, det offentlege og det regionale kompetanseforumet, for å sikre relevante FoU-prosjekt til regionen.</li> </ul>
	Vidaregåande skule	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra dei vidaregåande skulane i regionen.</li> <li>- Sikra best mogelig tilbod til</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Jobba for effektive transportmønster.</li> <li>- Påverka Vlfk.</li> </ul>

		vidaregåande elevar i regionen. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra fleire lærlingplassar i regionen.</li> <li>- Sikra at bedriftene som har lærlingplassar får tak lærlingar.</li> <li>- Lågast mogelig fråfall i vidaregåande skule.</li> <li>- Sikra at ungdom som fell ut frå vanlig skuleløp, har andre moglegheiter for å komme seg inn i arbeidslivet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samarbeid med Vlfk gjennom det Regionale kompetanseforumet.</li> <li>- Marknadsføring.</li> <li>- Arbeida aktivt for å sikra at retten som ungdomar i grensekommunane har til å gå på vidaregåande skule i nabofylket, ikkje blir endra. Må arbeida aktivt for at denne retten blir forskriftfesta gjennom lokal forskrift til opplæringslova både i Rogaland og Vestland fylkeskommune.</li> </ul>
--	--	---	--

	INNSATSOMRÅDER	Mål	STRATEGIAR
<b>Helse</b>	Helseføretak	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikra gode og nære helsetilbod i heile regionen.</li> <li>- Sikra rammer for Helse Fonna - Stord sjukehus og Valen sjukehus.</li> <li>- Styrka spesialisttilbodet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stå saman om felles utspel når det trengs.</li> </ul>

	INNSATSOMRÅDER	Mål	STRATEGIAR
<b>BULYST</b>	Folketal	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Auke innbyggjartalet i alle kommunane i Sunnhordland.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidare satsing og utvikling av «Bu i Sunnhordland».</li> <li>- Ha fokus på positiv omdømebygging.</li> <li>- Jobba for etablering av distriktshubar.</li> </ul>
	Omdøme	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sunnhordland skal opplevast som ein positiv og attraktiv region.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fokusera på positiv kommunikasjon, framfor kritikk og negativt fokus.</li> <li>- Samarbeidsrådet og Attraksjon Sunnhordland må samordna innsatsen på dette området.</li> </ul>